

Protokoll årsmøte i DNT Sogn og Fjordane 2026
14.03.26 kl 09.30-12.00 på Jølstraholmen Landskapshotell

Stemmeføre: Leif Jostein Longvanes(ST), Bjarne Venjum(LT), Oddstein Haugen(LT), Rolf Engløkk(LærT), Finn Gram(LærT), Svenn Petter Kjerpeset(KT), Jannike Brenden Frøyen(KT), Trude Eimhjellen(MNT), Arvid Olausen(BHT), Anne Britt Skjerven(BHT), Merete Helgheim(IST), Ingebjørg Erikstad(IST), Jens Petter Bergtun(YST), Marit Gjersvoll(YST), Jan Skaare(INT), Olav Auflem(INT), Ann Cecilie Rinde(VT), Kirsten Asheim(VT), Elisabeth Kleppa(YNT), Tor Magne Gangsøy(YNT), Trond Øyen Einemo(DNT S/F), Karen Weichert(DNT S/F), Per Tore Meier(DNT S/F), Bente Sunde(DNT S/F)

Andre til stades på årsmøtet:

Tilsette: Hege Mundal, Gry Thyrrestrup, Eirik Thue

Utvalsleiarar: Vigdis Flaten Kvamme

Møteleiar: Siv Merete Stadheim

Tal stemmeføre: 24

Andre til stades: 5

Totalt til stades på årsmøtet: 29

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste var samrøystes godkjende

Merknad: Lærdal Turlag hadde ikkje fått sakspapira

Sak 2 Val av to representantar til å signere protokollen

Vedtak: Elisabeth Kleppa og Rolf Engløkk vart samrøystes valde

Sak 3 Val av to skrivarar

Vedtak: Eirik Thue og Hege Mundal vart samrøystes valde

Sak 4 Val av møteleiar

Vedtak: Siv Merete Stadheim vart samrøystes vald

Sak 5 Godkjenning av årsmelding for DNT Sogn og Fjordane 2025

Vedtak: Årsmelding for DNT Sogn og Fjordane vart samrøystes godkjend

Merknad: Administrasjonen oppdaterer statistikken knytt til nærturleiarar/grunnleggande turleiarar. Kategorien ambassadør vert teken ut av statistikken.

Sak 6 Godkjenning av rekneskap 2025

Vedtak: Årsrekneskapen for 2025 vart samrøystes godkjend med eit overskot på kr 626 147.

Overskotet vert overført til eigenkapitalen.

Sak 7 Modellvedtekter

Vedtak: Modellvedtektene vart samrøystes godkjende

Sak 8 Avtale DNT S/F - lokallaga

Vedtak: Avtalen mellom DNT Sogn og Fjordane og lokallaga vart samrøystes godkjend

Merknad: Punktet – Lokallaget skal engasjere seg òg i spørsmål knytte til rammevilkår og naturforvaltning på lokalt nivå - er valfritt for lokallaga å ta inn i avtalen.

Sak 9 Kontingentutrekning/fordeling 2026 jf kontingentberekningsmodellen

Vedtak: DNT Sogn og Fjordane vil styrkje administrasjon med ei utviding til 1,5 årsverk. Stillinga skal finansierast ved å auke kontingenten til kr 119, og eit tillegg på kr 7,- for digital marknadsføring av turprogram.

Røysting: 23 for, 1 mot

Protokolltilførsel - sak 9

Sogndal Turlag finn det urovekkande at årsmøtet ikkje har gjort ei vurdering av korleis medlemskontingenten best kan bli nytta for å få til mest turlagsaktivitet i heile Sogn og Fjordane. Auken på medlemskontingent frå kr 90 til kr 125 medfører også ei nedside med redusert aktivitet i lokallaga, dette har ikkje årsmøte teke stilling og som gjer vedtaket i sak 9 kritikkverdig.

Sak 10 Strategi- og handlingsplan 2026 jf vedlegg

Vedtak: Strategiplan 2026-2031 «Felleskap med og i naturen» og handlingsplan 2026 vart samrøystes godkjend

Sak 11 Budsjett 2026 jf vedlegg

Vedtak: Budsjett for 2026 vart samrøystes godkjend

Sak 12 Val av styre i DNT Sogn og Fjordane med varamedlemer

Vedtak: Desse vart samrøystes valde:

Trond Øyen Einemo	Styreleiar (attval)
Karen Weichert	Styremedlem
Jarle Aarvoll	Styremedlem
Bente Sunde	Styremedlem
Per Tore Meier	Styremedlem
Hanne Karin Bruaas	Varamedlem
Tina L.Wie	Varamedlem
Tom Dymbwad	Varamedlem

Sak 13 Val av medlemer i Naturvernutvalet

Vedtak: Desse vart samrøystes valde:

Jørund Nygård	Leiar (ny)
Anita Taftø	Medlem
Siri Ingvaldsen	Medlem
Ron Overdevest	Varamedlem (ny)

Sak 14 Val av medlemer i Kurs- og fjellsportutval

Vedtak: Desse vart samrøystes valde:

Vigdis Flaten Kvamme	Leiar (attval)
Rune Valsvik	Medlem
Roy Raasholm Fauske	Medlem
Jannike Brenden Frøyen	Varamedlem

Sak 15 Val av revisor DNT Sogn og Fjordane

Vedtak: Knut Furu Strømmen vart samrøystes vald som revisor

Sak 16 Val av valnemnd 2026

Vedtak: Desse vart samrøystes valde:

Silje Marita Vallestad	Leiar
Bjarne Venjum	Medlem
Reidun Kristiansen (Indre Sunnfjord Turlag) - medlem, vald for 3 år	

Sak 17 Orienteringssaker

Årsmøte i 2027 vert halde 13. mars. Stad vert fastsett seinare.

Jølstrholmen, 14. mars 2026

Signatur:

